



# Bygdenytt

eit informasjonsblad frå Valle kommune

MAI 2018

VALLE JUNIORKLUBB

**Onsdag 2.mai kl 19:00-21:00**

**Dansekurs med Salomé**



*Velkomne til runde nr. 2 med herlege Salomé!*

Valle juniorklubb

( 5.-7 .klasse )

Meny: pizza, kioskvarer til sals i kafeen.

Frie aktivitetar.

Helsing Eliezer Mendez og Liv Åkre / tlf.nr. 480 72 462

**VALLE UNGDOMSKLUBB**

**Fredag 4.mai kl 19:00-21:30**

**Dansekurs med Salomé**



Her er det rom for *alle som har lyst til å prøve seg med litt dans, uansett erfaring og ferdigheter*

- dette blir berre gama!

Frie aktivitetar, diskotek i klubben.

Pizza og kioskvarer i kafeen.

**Bussen reiser fra Valle skule kl 21:30**

Helsing Eliezer Mendez og Liv Åkre / tlf. 480 72 462



**Familiedag i idrettshallen**

**OPEN HALL**

**TYSDAG 1.MAI KL 11-14**

- **FRIE AKTIVITETAR** i hallen
- **DANSEKURS** med herlege og dyktige **SALOMÉ** for førskulealder og oppover i **Storstoga**

PS: dei som vil danse meir kan følgje opp med kurs på kveldstid seinare i vekal



**Opent for alle, kom og gå som du vil, kos deg! Barn under 14 i følgje med vaksne. Alle må rydde etter seg og sine.**

Dersom du blir litt svølten og har lyst på noko sunt og godt kan du kjøpe smoothie, fruktsalat



og frukt i kiosken.

Arr. Kultur og fritid



Valle kulturskule ønskjer velkommen til

**VÅRKONSERT**

**torsdag 24.mai kl 17**

**i Valle kultursenter, Storstoga.**

kr 50 pr. familie, ungdom tom. vgs gratis.

Konserten passar for alle i alle aldrar, og er ei fin oppleving for heile familien!





Valle kommune

## KULTUR OG FRITID INFORMERER

### Melding frå biblioteket

Valle kommunestyre vedtok i desember 2016 at folkebiblioteket i Valle skal vere samla på ein stad. Dette betyr at frå og med hausten 2018 samlar vi all aktivitet i det nye biblioteket. For at alt skal kunne pakkast og flyttast på best mogleg måte, stenger vi Hylestad filial 1.mai.

Hovudbiblioteket blir stengd frå 1. juni og fram til det nye biblioteket opnar. Vi kjem tilbake med dato for stort sal av bøker og anna.

Melombels vil vi oppmode brukarane våre til å bruka appen eBokbib som de kan laste ned bøker frå - då kan de reise på ferie med boka på mobiltelefonen eller på nettbrett. Ta kontakt med biblioteket om du treng hjelp til dette.

**Set av datoen  
laurdag  
15.september!**



Då finn offisiell opning av det nye biblioteket og kyrkjestove stad! Vi inviterer alle til opninga, som vi vil gjere til ein bygdefest som varer heile dagen. For å verkeleg ta bygget i bruk, oppmodar vi lag og organisasjoner til å leggje aktivitetar, møte og arrangement til biblioteket utover hausten. Vi har som mål at alle våre innbyggjarar skal ha vore innom det nye biblioteket før jul - og vi håpar alle vil hjelpe oss å nå målet!

### Namnekonkurranse: Kva skal bygget heite?

Levekårutvalet vedtok 18.04. å lyse ut namnekonkurranse for bygget som skal huse Valle bibliotek, kyrkjestove, kyrkjekontor og fleirbruksal og vere ein møteplass for alle. Hovudprinsippa er som følgjer:

- Namnet skal kunne femne om alle funksjonane bygget inneheld.
- Ordinære rettskrivingsreglar skal følgjast.
- Namnet må vere lett å oppfatte, i dagleg tale og til dømes på telefon.
- Ein bør unngå namn som kan forveklast med andre stadnamn i kommunen.

Det er oppretta ein komité som skal vurdere forslaga som kjem inn, og levekårutvalet gjer endelig vedtak i sitt møte i juni.

**Vi oppmodar alle våre innbyggjarar om å sende inn forslag, gjerne grunngjeve, til [post@valle.kommune.no](mailto:post@valle.kommune.no). Frist: 17.mai.**

## Plass i Valle kulturskule

Søknadsskjema for plass i Valle kulturskule finn du på vår heimeside, [www.valle.kommune.no](http://www.valle.kommune.no), under Kultur og fritid. Vi har eit breitt tilbod og kan tilby undervising innaføre ulike instrument, både individuelt og i gruppe. Kva for tilbod vi kan setje i gong avheng av etterspurnad, tilgjengelige lærarar og mogelege stillingssamansettningar. Vi oppmodar derfor alle om å også fylle ut 2.val i søknadsskjemaet.

### Søknadsfrist 20.mai.

### Innspelmøte: Kulturminneplan

Valle kommune er rik på kulturminne. Vårt moderne samfunn gjev oss utfordringar i høve til korleis denne kulturarven skal forvaltast. Kommunen skal no utarbeide ein eigen kulturminneplan, og inviterer med dette til

**informasjons- og innspelmøte i Valle kommunestyresal onsdag 2. mai kl. 1900.**

## PLEIE OG OMSORG INFORMERER

### Høyrsel

Audiograf Dina Risdal kjem på kommunebesøk 30.mai.

Treng du time kan du kontakte Liv Gunn Viki, Tlf. 900 79 562.

### Høyring: Kriterium for tildeling av avlastning i Valle kommune

Kriterium for tildeling av avlastning i Valle kommune er sendt til høyring til Valle eldreråd, pensjonistforeininga, Sjukepleiar forbundet og Fag forbundet. Høyringa er også open for innspel frå alle innbyggjarar i kommunen, og eventuelle andre organisasjonar med interesse i saka. Høy ringsbrev vert lagt ut på kommunens heimeside.

**Høyringstid 1.juni.**

## TRANSPORTTENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA

Fylkeskommunen si ordning «Transportteneste for funksjonshemma» er for personar som har ei permanent funksjonshemmning som gjer at dei ikkje kan bruke vanleg rutegåande transportmidilar utan store vanskar. **Personar som er godkjende som brukarar 1. halvår 2018, treng ikkje å søkje for 2. halvår 2018.**

Personar som ynskjer å bli godkjende som brukarar av tenesta 2. halvår 2018, må sende **søknad og legeattest** til Valle kommune, Velkomstsenteret, 4747 Valle. Treng du hjelp eller tilsendt skjema kan du ringe oss på telefon 379 37 500.

**Søknadsfrist 15. mai.**

Den kulturelle spaserstokken:  
Valle bygdeheim

**Onsdag 2.mai kl. 13**

**ODD JACOBSEN**

**SYNG OG FORTEL FRÅ ELIAS BLIX SITT LIV**



**Odd Jacobson fortel frå Blix sin oppvekst i nord**  
 - om hans liv som salmediktar, lærar, politikar og språkforskjempar.

Med piano som tonefølge framfører Jacobsen dei mest kjende songane av Blix, og det blir det også litt allsong, med salmer og songar som alle kan.

Gratis inngang.

Dagsenter startar kl. 10.30 - vel møtt!

Arr. Valle kommune

## MESTRINGS-KURS FOR PÅRØRENDE

NKS Veiledningssenter for pårørende til rusavhengige kommer til Evje for å holde mestringskurs.

Å være pårørende over tid kan gi store utfordringer både fysiske og psykiske. Vi ønsker denne dagen å fokusere på deg som pårørende.

**Sted: Evjeheimen, Ljosheimvegen 5 4735 Evje (LMT Setesdal møterom). Dato: 24., 31. mai og 6. juni kl 10-12 (med forbehold om endring).**

På dette kurset snakker vi blant annet om belastning og mestring. Det er gratis å delta!

**Påmelding:** Ta kontakt på tlf 957 95 194 eller e-post [merete.almas@e-h.kommune.no](mailto:merete.almas@e-h.kommune.no) for informasjon og påmelding.

# Kyrkja i mai

## Gudstenester

- 10. mai: Valle kyrkje 11.00 (T.M. Berntsen).
- 17. mai: Valle kyrkje 12.00 (T.M. Berntsen).
- 20. mai: Valle kyrkje 11.00 (T.M. Berntsen).
- 29. mai: Valle kyrkje 18.00 (samtalegudsteneste).

## Andakter på Bygdeheimen

- Torsdag 10. mai kl. 13.00
- Torsdag 31. mai kl. 11.00
- v. spr. Tom Martin Berntsen og Henrik West.

Heimeside: [www.valle.kyrkja.no](http://www.valle.kyrkja.no)

Facebook: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Kyrkjekontoret:

Postboks 4, 4747 Valle  
Tlf. 37 93 75 24 / Mob. 977 84 706  
post@valle.kyrkja.no



**DEN NORSKE KYRKJA**

Valle og Hylestad sokn

**Valle pensjonistforening har møte på Valle motell mandag 7. mai kl. 17.00.  
Middag. Leonhard Jansen viser film.  
Alle er velkomne.  
Helsing styret.**



**Valle og Hylestad helselag vil markere "HJARTEVEKA" med tur til Evje mineralpark torsdag 24.mai.**

Me startar frå Husfliden i Valle, kl. 09.30.

**Påmelding innan 21. mai til:**

Jorunn Åkre, tlf. 37937224

Bjørg Nomeland, tlf. 48281522

Turen er open for alle.

Middag og inngang til parken kr 350.

**Helsing styret**

**NB! NY DATO!**

**TYSDAG 5.JUNI kl 19**  
inviterer Folkeakademiet Valle i samarbeid med Valle kommune til FELLES MØTE for arrangørar, frivillige lag og organisasjoner.



# Bygdekinoen

**TORSDAG 3. mai**



**Kl. 18:00 - 6 år. Sherlock Gnomes**  
(Norske stemmer)  
Hagenissane, Gnomeo og Julie, rekrutterer den kjende detektiven, Sherlock Gnomes, for å etterforske dei mystiske forsvinningane av andre hagefigurar.



**Kl. 20:00 – 12 år. Infinity War 2D**  
Etter ei ti år lang og unik filmatisk reise i heile Marvel-universet kjem nå Marvel Studios med Avengers: Infinity War, tidenes ultimate og dødelegste konfrontasjon. Våre Avengers-heltar må nå vere villige til å ofre alt i kampen mot den mektige Thanos, før hans totale vondskap øydelegg heile vårt univers



**TORSDAG 31. mai**

**Kl. 18:00 - 6 år. Den utrolige historia om den kjempestore pæra**  
Elefanten Sebastian og hans beste venn, katten Mitcho, bur i den hyggelege hamnebyen Solby. Her er det berre lykke, fram til dagen byens høgt elsa borgameistar forsvinner. På ein fisketur fangar Mitcho ein flaskepost som viser seg å vere frå borgemeisteren. Han skriv at han er stranda på ei aude øy. Med eit skip som eigentleg var ei pære frå eit frø som låg flaskeposten, siglar Mitcho og Sebastian siglar ut på eit spennande eventyr med piratar, sjødragar og skrømt. Det krev mykje mot, men ingenting kan stoppe dei to venene som er fast bestemte på å finne den mystiske øya og hente borgameistaren heim.



**Kl. 20:00 - Deadpool 2**

Marvels rappkjelta leigesoldat er tilbake! Større, betre og til tider meir bukselaus enn nokosinne! Når ein supersoldat kjem på eit morderisk oppdrag, blir Deadpool nøydd til å tenkje på venskap, familie og kva det egentleg betyr å vere ein helt - samtidig som han må sparke til mange kantar. Fordi, til tider må ein sloss skittent for å kjempe mot all dritten!



## VALLE ALLIDRETTSKLUBB

Siste samling i allidretten i vår er  
**laurdag 5. mai, Vallehalli kl.18-21.**  
Aktivitetar i hallen, kiosksal og andakt. Gratis kake og frukt. For 7.klasse og oppover.

**Frist for innsending til Bygdenytt  
for juni er 25.mai**

## Kulturkalenderen

[www.valle.kommune.no/kva-hender](http://www.valle.kommune.no/kva-hender)

1.5. Kl.11-14	Open hall, Valle kultursenter, og danseskurs med Salomé
2.5. Kl.13.00	Den kulturelle spaserstokken: Odd Jacobsen syng og fortel frå Elias Blix sitt liv
2.5. 17-1830	Dansekurs for dei yngste med Salomé, i Storstoga. Kr 100.
2.5. Kl.19.00	Informasjons- og innspelmøte kulturminneplan, Valle kommunestyresal
2.5. Kl.19.00	Juniorklubb: Vanleg klubb pluss danseskurs med Salomé
3.5.	<b>Bygdekinoen</b>
3.5. Kl.18.00	Kurs: «Nyare og framtidige skogeigarar», Evje sentrumsbygg
4.5. Kl.19.00	Ungdomsklubb: Vanleg klubb pluss danseskurs med Salomé
5.5. Kl.18-21	Allidrett, Vallehalli
7.5. Kl.19.00	Nybegynneryoga for damer, Hylestad gymsal
7.5. Kl.17.00	Møte i Valle pensjonistforeining
14.5. Kl.19.00	Nybegynneryoga for damer
17.5.	Nasjonaldagsfeiring!
21.5. Kl.19.00	Nybegynneryoga for damer, Hylestad gymsal
24. og 31.5. og 6.6.	Mestringskurs for pårørende, Evjeheimen kl 10-12
24.5. Kl.09.30	Tur til Evje mineralpark med Valle og Hylestad helselag
24.5. Kl.17:00	Vårkonsert med Valle kulturskule
26.5.	Valle sparebankcup
28.5. Kl.19:00	Nybegynneryoga for damer , Hylestad gymsal
31.5.	<b>Bygdekinoen</b>
31.5. Kl.19:00	Fellesmøte arrangørar, frivillige lag og organisasjonar. Valle kommunestyresal.
4.6. Kl.19:00	Nybegynneryoga for damer, Hylestad gymsal
5.6. KL 19:00	Felles møte mellom frivillige lag og organisasjonar. Arr. Folkeakademiet Valle og Valle kommune
9.-10.6.	Hundekurs i kvardagslydighet, Hovden og Bykle hundeklubb

# PROGRAM FOR 17. MAI 2018

## Valle kommune



### HYLESTAD

- 0700 Skramletog frå Motorsenteret AS.  
Ta med skramleutstyr og blåser!  
1030 Bilkortesje frå Rysstad sentrum til Valle sentrum.

### VALLE

- 1030 Program på Valle bygdeheim.  
1100 Biltog frå Valle sentrum.  
Køyrerute Tveitebø, Homme, Hallandsbrua, Dale og tilbake til Valle sentrum. Parkering i Valle sentrum eller køyr indre veg til Valle skule.  
Dei som vil delta i konkurransen «Finast pynta bil» parkerer på parkeringsplassen ved folkehøgskulen.  
1200 Gudsteneste i Valle kyrkje ved sokneprest Tom Martin Berntsen.  
Kransenedlegging og markering ved bautaene ved 9.klasse.  
1245 Tog frå Valle kyrkje til Valle kultursenter. Klassetog går først, så folketog.

#### Program Valle bygdeheim:

- 1030 Tale ved ordførar Steinar Kyrvestad. Kulturinnslag.  
1500 Overføring av festprogram frå Valle kultursenter.

#### Program Valle kultursenter:

- 1300 Matsal startar.  
1300-1500 Mat, aktivitetar og leikar.  
1500-1630 Festprogram:  
- Tale for dagen ved fylkesmann Stein A. Ytterdahl  
- Utdeling av Valle kommune sitt utviklingsstipend for ungdom ved ordførar Steinar Kyrvestad  
- Underhaldning, kulturinnslag, allsong

**Hjarteleg til lykke med nasjonaldagen!**





## VALLE IL INFORMERER: Valle sparebankcup LAURDAG 26.MAI

Meir informasjon om påmelding og meir finn du på heimesida vår og på facebook. Vi gler oss til fotballfest på Valle stadion!



### KURS I KVARDAGSLYDIGHEIT

**Laurdag 09.06.18 kl. 09.45-16.00 og sundag 10.06.18 kl. 10.00-15.00**

**Instruktør:** Tore Lislevand. Det er plass til 6 ekvipasjer på kurset og det blir individuell opplæring.

**Stad:** Langrennsarenaen på Hovden **Påmeldingsfrist:** 25.05.18 - bindande påmelding.

**Påmelding:** SMS til 91838672 v/Silje Nesvaag, med info om hundeførar sitt namn, hunden sitt namn, alder og rase, ev. spesielle problem eller interesser. **Pris:** 1200,- for medlem og 1700,- for ikkje-medlem.

For observatørar utan hund er det 250,- for medlem og 500,- for ikkje-medlem.

Betaling på kontonummer: 3000 34 32390 innan påmeldingsfristen. Sjekk først om det er ledige plassar.

Ta med bil som hunden kan vente og kvile i, hunden sin favorittleke, vatn og små pølsebitar til godbit. Hugs eigen mat og drikke, samt stol.

Arr: Hovden og Bykle hundeklubb. **Kontaktperson:** Silje Nesvaag - 918 38 672

### Gratis kurs for «nyare og framtidige skogeigarar»

Skogselskapet i Agder og Skogeigarlaget i Setesdal vil over to kveldar i mai arrangere kurs for «nyare skogeigarar og framtidige skogeigarar». Kurset vil gi innføring i grunnleggande kunnskap om det å vere skogeigar, kven du kan kontakte og kor du kan finne informasjon om hogst, ungskogpleie, planting, skogfond og søknadar m.m.

Kurshaldar er Kåre Haugaas som er styreleiar i skogselskapet i Agder og forfattar av boka «Førstehjelp for nye skogeiere på Agder».

#### Fyrste kurskveld:

**3. mai kl. 18 i Sentrumsbygget på Evje.**

Andre kurskveld blir avtalt med kursdeltakerane fyrste kvelden. Andre kurskveld vil vere ute i skogen, og då gjerne hjå ein av kursdeltakerane.

Enkel bevertning i løpet av kvelden.

**Påmelding: Øivind Aakhus tlf. 952 01 695  
innan 25. april**

**Arrangør: Skogeigarlaget i Setesdal og  
Skogselskapet i Agder**

### Velkommen til Mountain Rally Rullestol 2018 Haglebu Fjellstue 27.juni 2018 frå kl.11

**PRØVEKJØR HJELPEMIDLER – DELTA PÅ RALLY –  
VINN PREMIER – ALT I FJELLHEIMEN**

#### Gratis arrangement

Mountain Rally Rullestol er et gratis arrangement for deg som er rullestolbruker eller har en funksjonsnedsettelse. Vi ønsker å vise deg at det finnes mange muligheter til å komme seg ut i fjellheimen, med eller uten hjul.

Denne dagen kommer det mange leverandører av hjelpemidler, og du kan dermed få prøvekjøre et stort utvalg av produkter på grus, asfalt eller i terrenget. Om du vil, kan du også delta gratis på rallyet og kanskje vinne flotte premier!

**For mer informasjon og program:**

[www.haglebu.no](http://www.haglebu.no)

tlf.: 32 71 33 50 / 913 54 005

e-post.: [post@haglebu.no](mailto:post@haglebu.no)

**Facebook: Mountain Rally Rullestol**

